

## Innspel til regjeringa sin hydrogenstrategi 2019

**Avsendar:** Gasnor, Sunnhordland Kraftlag, Kvinnherad Energi og Kvinnherad kommune.

**Kontaktpersonar:** Aksel Skjervheim (Gasnor), Kjetil Harestad (SKL) Knut Førland (Kvinnherad Energi) og Harald Maaland (Kvinnherad kommune)

Gasnor, Sunnhordland kraftlag, Kvinnherad kommune og Kvinnherad Energi samarbeider om å få på plass eit storskala produksjonsanlegg for flytande hydrogen, knytt direkte opp til Sunnhordland kraftlag sitt vasskraftverk i Matre i Kvinnherad.

### Produksjon av hydrogen krev gunstige rammevilkår

For å etablere storproduksjon av flytande hydrogen frå elektrolyse er det mykje som må på plass. Å få etablert ei produksjonseining i størrelsesorden 10-20 tonn hydrogen pr. døgn, vil dette gi tilgang til rikeleg med CO<sub>2</sub>-fri hydrogen. Flytande hydrogen kan transporterast over store avstandar. Ein slik produksjonsfabrikk treng stabil forsyning av energi. Investeringskostnaden er høg og dette krev døgnkontinuerlig produksjon og låge, føreseielege energikostnader. For å få realisert utsleppsfri hydrogenproduksjon føreslår vi difor følgjande endringar i rammevilkåra:

- 1. Det må kunne etablerast kostnadsfrie nettløysingar for anlegg der produksjonen av hydrogen gir samla positive verknader i kraftnettet.**
- 2. Vi gir vår fulle støtte til forslaget frå leiar i Stortingets miljø- og energikomiteé, Ketil Kjenseth (V), som har føreslått fritak frå grunnrenteskatt ved produksjon av hydrogen i ein introduksjonsfase. Vi tilrår at dette forslaget skal gjelda for dei første store langsiktige kraftavtalane som er direkte knytt opp mot Hydrogenproduksjon.**

### Offentleg støtte og investering i hydrogenproduksjon

Det offentlege virkemiddelapparatet har brukt lang tid på å ta inn hydrogen som satsingsområde, men det har skjedd mykje positivt det siste året, både gjennom Enova og Pilot-E-ordninga. Styresmaktene må no sørge for etablera gode og rett dimensjonerte støtteordningar for fornybar hydrogenproduksjon:

- 1. Storskala hydrogenproduksjon inneber høge investeringskostnader. For å få dette realisert oppmodar vi regjeringa å sørge for nok tilgjengeleg kapital i virkemiddelapparatet og i aktuelle statlege investeringsfond, som Nysnø.**
- 2. Støtteordningane må ta ein vesentleg del av meirkostnaden det er med å vere først ute i verda med storproduksjon av hydrogen frå fornybar kraft med elektrolyse.**

### Bruk offentleg innkjøpsmakt

For at vi skal byggje eit stort produksjonsanlegg for flytande hydrogen, er det ein føresetnad at det vi veit at det samstundes kjem ein marknad for grøn hydrogen på plass. Det kan sikrast gjennom nasjonale politiske avgjersler der ein set krav om bruk av nullutsleppsteknologi i nye anbod:

- 1. Vi gir vår fulle støtte til regjeringa sitt mål om elektrifisering av alle ferjer innan 2025. Dette meiner vi er fullt mogleg. Den tredjedelen av ferjene som ikkje er eigna for rein batteridrift, skal vi stå klare for å levere hydrogen til.**
- 2. Vi føreslår at Samferdselsdepartementet identifiserer alle ferjesamband som kan gå på hydrogen og følgjer opp med å stille krav til at dei skal gå på hydrogen i komande anbod.**

- 3. Staten bør gi Fylkeskommunane kraftfulle insentiv til å setje krav om nullutslepp i komande anbod om snøggbåtruter, og slik utløyse ein marknad for snøggbåtar på hydrogen.**
- 4. Vi tilrår at det vert set krav i ferje- og snøggbåtanbod om at hydrogen som vert nytta skal vere produsert utan CO<sub>2</sub>-utslepp, om det er tilgjengeleg på marknaden.**
- 5. Vi tilrår at det vert set strenge krav til ferdsel i fjordane, spesielt knytt til cruisetrafikk og CO<sub>2</sub>/NO<sub>x</sub>-utslepp.**
- 6. Ein samordna nasjonal infrastruktur for hydrogenfylling langs kysten og for landtransport vil etter vår meining gi meir føreseielege rammer for næringslivet.**

Vi er glade for at Regjeringa legg opp til ein heilskapleg hydrogenstrategi og håpar at våre innspel vert teke med der.